



KLAGE PÅ KARAKTERFASTSETTING

§§ 3-9, 5-2 og 5-3 i Universitets- og høyskuleloven omhandler eksamen og sensur, klage over formelle feil ved eksamen, og grunngjeving for og klage over karakterfastsettinga. Universitets- og høyskuleloven er tilgjengeleg på lovdata.no
Lokale prosedyrar for klage på eksamen finn du på: uib.no/mofa/infosenter

NAMN:		ADRESSE:		
POSTNR.	STAD:	EKSAMENSSEMESTER:	EMNEKODE:	STUDENTNR:

Har du bedt om, og fått grunngjeving for karakteren? NEI ☐ JA ☐ Dato:

RETT PÅ GRUNNGJEVING

- Du har rett på grunngjeving for karakterfastsettinga før du klagar.
- Grunngjevinga kan du be om munnleg eller skriftleg, til dømes på e-post, til emneansvarleg institutt. Fristen for dette er **éi veke etter at sensuren er offentliggjort**.
- Ei grunngjeving kan bli gitt munnleg eller skriftleg etter sensor sitt eige val, og innan to veker.

KLAGE PÅ KARAKTERFASTSETTING

- Frist for å klage på karakterfastsetting er **tre veker etter at sensur er offentliggjort**, eller tre veker etter at du har motteke grunngjeving.
- Dersom sensuren fell i perioden 20. desember - 2. januar, skal fristen byrje å gå frå 2. januar. Fell sensuren i perioden etter 20. juni, men før haustsemesteret tek til, skal fristen byrje å gå frå måndagen den veka haustsemesteret tek til.
- Resultatet av klaga kan vera både til gunst og ugunst for klagar. Det vil seie at du enten kan få betre eller dårlegare karakter, eller at det opphavlege sensurvedtaket vert ståande.
- Nytt sensurvedtak er endeleg og kan ikkje klagast på. Du kan be om grunngjeving for klagesensuren.
- Munnleg prøve kan ikkje klagast på.
- Forprøver kan berre klagast på når prøva ikkje er bestått.

KLAGE OVER FORMELLE FEIL

- Fristen for å klage over formelle feil ved eksamen er innan tre veker etter at du burde vera kjent med tilhøvet som ligg til grunn for klaga.

INNLEVERING

Du kan levere skjemaet for klage på karakterfastsetting i fakultetet sitt informasjonssenter eller sende det med post innan fristen går ut. Postadresse: Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen, Postboks 7804, 5020 Bergen

SAKSHANDSAMINGSTID

Klagekommisjonen har normalt fire veker på å handsame klage på karakterfastsetting, men i samband med ferieperiodar kan dette ta noko lengre tid. Fakultetet vil informera kvar enkelt kandidat skriftleg om resultatet av klaga.

SIGNATUR

Eg har lest og gjort meg kjent med prosedyrane for klage på eksamen ved Det medisinsk-odontologiske fakultet. Eg er også innforstått med at det nye sensurvedtaket kan vera både til gunst og ugunst for klagar.

Stad/dato

Signatur